

## Reglement for bygg- og anleggsutvalet (BAU)

Vedteke 06.10.2022, sak 87/22, av kommunestyret

Revidert xx.xx.2024 sak xx/24, av kommunestyret

### **Føremål**

BAU handsamer saker knytt til planlegging og gjennomføring av kommunale bygge- og anleggsprosjekt. Prosjekt skal følge prosess som skildra i investeringsreglementet til Herøy kommune:

*Investeringsreglementet gjeld for alle investeringar i nybygg, tilbygg, påbygg og ombygging av kommunal bygningsmasse i Herøy kommune, men også for anna teknisk infrastruktur som veg, vatn og avlaup og tiltak knytt til IKT/digitalisering.*

*Investeringsreglementet gjeld ikkje for*  
*- løpande forvaltning, drift og vedlikehald*  
*- naudsynte oppgraderingar av eksisterande bygningsmasse eller utstyr, under gjeldande terskelverdi del I.*

*Investeringsreglementet og tilhøyrande administrativ prosjektrutine må tilpassast det konkrete prosjektet sin risiko og kompleksitet.*

*Det er kommunedirektøren som prosjekteigar sitt ansvar å tilsjå at den grunnleggande prosjektmetodikken vert fulgt, og at det vert dokumentert at dette er gjort.*

BAU har fylgjande mynde, jfr. Herøy kommune sitt innkjøpsreglement:

*I kommunen sine bygge- og anleggsprosjekt skal bygg- og anleggsutvalet:*  
*• innstille til formannsskap i saker som gjeld bygge- og anleggsprosjekt over nasjonal terskelverdi*

Alle prosjekt skal ha føregåande handsaming av BAU med tilråding til endeleg avgjersle i formannskap/kommunestyre.

I alle prosjekt skal det rapporterast jamnleg til utvalet, t.d. gjennom referat frå byggeherremøte.

Før økonomisk avslutning skal prosjekt over kr 5 mill. til kommunestyret, prosjekt over kr 40 mill. skal attesterast av revisor.

| Prosjektstørrelse (eks mva)     | Handsaming oppstart           | Handsaming avslutning         |
|---------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| Under nasjonal terskelverdi     | Administrativ                 | Administrativ                 |
| Nasjonal terskelverdi - 5 mill. | BAU innstille til formannskap | BAU innstille til formannskap |
| 5 mill. og over                 | Kommunestyret                 | Kommunestyret                 |

\* dersom tilleggsfinansiering skal saka også handsamast av kommunestyret

### **Val av utval og utvalsmedlemmar**

Kommunestyret vel leiar, nestleiar og 3 ordinære utvalsmedlemmar samt personleg vara for kvar kommunestyreperiode. Kommunestyret kan skifte ut medlemmar og varamedlemmar i særlege høve.

### **Utvalsmøter**

Bygg- og anleggsutvalet har faste møter gjennom året. Møteplan vert fastsett i samråd med sekretæren. Utvalet skal og kallast inn dersom det er avvik i forhold til løyving og framdrift. Utvalet kan og halde møte når leiaren for nemnda eller to av medlemmene finn det naudsynt. Ordføraren kan også be om at utvalet vert kalla inn.

### **Sekretær**

Kommunedirektøren har ansvar for å utnemne sekretærfunksjon for komitear og utval. Kommunalsjef for samfunnsutvikling avklarar agenda med leiar for utvalet, sekretær sender ut innkalling og er ansvarleg for protokollføring. Gjennomføring av møte følgjer elles politisk reglement for Herøy kommune

### **Møte- og forslagsrett**

Ordførar, kommunedirektør, hovudverneombod og andre som kommunedirektøren særskilt ber om å ta del, har møte- og forslagsrett i den aktuelle sak.

### **Planlegging og gjennomføring av prosjekt**

For prosjekt med ramme over 5 mill. kroner skal BAU skal innstille i saker knytt til prosjekt i konsept- og planfase, til vidare handsaming i kommunestyret.

For prosjekt mellom terskelverdi og 5. mill kroner skal BAU innstille til formannskap i dei same sakene.

BAU har mynde til å følgje opp det einskilde prosjekt når formannskapet eller kommunestyret har godkjent konsept og plan (avhengig av prosjektstørrelse) eller tilsvarande prosess for gjennomføring av prosjekt. BAU følgjer opp prosjekta gjennom rapportering frå administrasjonen og gjennom systematisk rapportering i Framsikt.

Samlerapport frå Framsikt vert lagt inn som referatsak til BAU.

Avdeling for eigedom og avdeling for anlegg og drift har ansvar som byggherre og er saksførebuande for saker til utval og for den praktiske gjennomføringa av det einskilde prosjektet.

### **Lov og føresegn**

Kommunale bygge- og anleggsprosjekt skal planleggast og gjennomførast i samsvar med Herøy kommune sitt investeringsreglement og dei til ei kvar tid gjeldande lover og føresegnar og Norsk Standard.

**Val av tilbydar**

Proessen ved val av tilbydar vert gjort administrativt. Dersom tilbod overskrid gjeldande finansieringsplan skal val av tilbydar godkjennast av kommunestyret etter føregåande handsaming i BAU.

**Endringar i prosjekt**

Vesentlege endringar i prosjektet skal godkjennast av utvalet. Vesentlege endringar som manglar finansiering skal godkjennast av kommunestyret. Mindre endringar vert godkjent administrativt av kommunalsjef jfr. Gjeldande innkjøpsreglement..

**Økonomisk avslutning**

Sak om økonomisk avslutning for det einskilde prosjekt skal handsamast riktig organ, med føregåande handsaming i underliggande utval. Sjå til tabell side 1.

18.11.24